

SCENE2 Det Norske Teatret
Rosenkrantzgt. 11

Aldo Nicolaj

Godt eg fann deg



Aldo Nicolaj

Godt eg fann deg

Libero Bocca

PÅL SKJØNBERG

Luigi Lapaglia

BJARNE ANDERSEN

Ambra

ANNE-LISE TANGSTAD

Omsett av MAGNUS ULLELAND

Regi: GERHARD KNOOP

Regiassistent: ARNA HAMMERSMARK

Dekor: SNORRE TINDBERG

Kostyme: SNORRE TINDBERG/ELDBJØRG AARSETH

Parykkmakar: DORO WALSTAD

Musikk: SIGMUND GROVEN

Inspisient: INGAR NILSEN

Rekvisitør: DORTE WORMDAL

Sufflør: TORILL STEINLEIN

Musikken er spela inn av SIGMUND GROVEN og TOR HAUGE

Dekorasjonen er laga på Det Norske Teatrets målarisal under leiing av ALF EDVARD ENGH, kostyma på teatrets systove under leiing av ELDBJØRG AARSETH.

Premiere 16. februar 1978

Ein pause

Teaterforlag: Arvid Englands Teaterförlag AB

Originaltittel: «Classe di ferro»

Programredaksjon: Halldis Hoaas

Foto: Jamie Parslow

Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo




OM FORFATTAREN

Aldo Nicolaj er fødd i Piemonte i Italia i 1920. Han var tysk krigsfange under andre verdskrigen. Da han kom heim etter krigen, byrja han å studere ved universitetet i Torino, og der tok han eksamen i litteraturhistorie. Avhandlinga hans omhandla George Bernhard Shaw og hans teater. Tidleg på 50-talet vart han sjef for det italienske kulturinstituttet i Guatemala. Da han kom heim til Italia att, vart han tilsett som dramaturg i det italienske fjernsynsteatret. Han har og arbeid som lærar.



Nicolaj debuterte som dramatikar i 1954 med komedien «Teresina». Men

det store gjennombrøtet kom først i 1961, med den borgarlege satiren «Lauken». Han har skriva om lag 30 skodespel, blant dei mest kjende er «Sjøhesten», «Pendelen», «Soldat Piccio» og «Aprikos-årstid». Han har og skriva mykje for TV. I dei siste åra har han for det meste arbeid med monologar.

Nicolaj har vore spela på ei rad scener rundt omkring i Europa, deriblant i Sverige, men hittil ikkje her til lands. Heller ikkje i Italia blir han spela så ofte, dette stykket er til dømes ikkje oppført enno i heimlandet. Men han har fått ei rad italienske teaterprisar for skodespela sine!



Aldo Nicolaj



Kjære venner.

Vi har alle, eller vi har hatt, foreldre, og dei fleste av oss har eller skal få barn.


Same faren heng over oss alle: før eller seinare blir vi gamle. De ser rett, eg nyttar ordet fare. Livet har forandra seg dei siste tjue åra, rytmen er annleis, andre vegar er opne no enn før. I alle land (i alle høve i dei aller fleste) har ein ordna det sosiale lovverket til beste for alle (det trur dei faktisk). Dei gamle har fått ein «velordna haust i livet»: pensjon — aldersheim — fri sjukepleie. Men er det alt vi treng?

Orden — pleie — rettferd, tilfredsstillar desse tinga oss når vi etter femti års trugen teneste står utanfor døra til arbeidsplassen vår? Våre sosialt medvitne barn gir oss med eit overberande smil allmisser av si verdfulle tid og sin kjærleik.

Miné gamle venner i stykket, Bocca, Lapaglia og Ambra, dei lever midt i blant oss — det kan hende deg og meg.

I min barndom respekterte vi våre gamle, i blant berre på grunn av deira alder. Mykje som ikkje var rettferdig skjedde óg på grunn av denne upraktiske tradisjonen. Vi vart trøytt av dei, og lova på ære og samvit at vi skulle forandre på det heile! Vi lykkast! Foreldra våre — eg veit, ikkje dine kjære venn, men andre sine, vart ei bør for dei — ei plikt. Samfunnet tilbyd, så vi plasserer dei gjerne i ein heim — for deira eige beste. Far og Mor må da få skikkeleg stell, hyggeleg selskap og alt som trengst, og vi skal kome og helse på så ofte vi kan — kjenner du att replikken, kjære venn? Å leve lenge, det er ei gåve som vi vel alle ønskjer oss. Samfunnet har trass i alt ikkje alt som trengst for å hjelpe. Det er først og fremst forståing og kjærleik vi treng.

Handlinga i stykket er svært enkel, ein liten glimt av røyndommen — inga løysing, men eg vonar at den kan gi ein liten, liten tankekross. Da er stykket verdt å sjå.





LAPAGLIA
Var du typograf?

BOCCA
Faktor, han som set overskriftene. Til dømes, da dei sleppte den første atom-bomba, var det eg som sette overskrifta. Tvers over heile sida med kjempebokstavar. «Den første atom-bomba over Hiroshima». Herlege tider

LAPAGLIA
Da dei sleppte bomba?

BOCCA
Eg var noko ... dei rekna med meg. Til og med sjefredaktøren tala til meg med vørnad. «Signore Libero ...» sa han til meg ...

LAPAGLIA
Eg førte rekneskapane i ei stor industriverksemd. Hadde eg hatt eksamenar, kven veit kva eg kunne ha drive det til ...

BOCCA
Eg var ein viktig person, i trykkeriet. Ingen kunne brette om slik som eg ...

LAPAGLIA
I verksemda mi var vi tre som gjekk av med pensjon samstundes. Men dei andre to heldt det ikkje ut. På seks månader døyde dei av hjartesorgr ...

BOCCA
For nokre naut, døy av hjartesorgr! Dei hadde gjort jobben sin. No kunne dei andre få slite.





LAPAGLIA

Den første månaden var eg alltid på pletten ved inngangen til kontoret, når arbeidstida tok til. Eg vona at dei skulle be meg gå inn og setje meg til skrivebordet ...

BOCCA

Eg sette ikkje min fot i trykkeriet. Ville dei meg noko, visste dei kvar eg var å finne.

LAPAGLIA

Og dei oppsøkte deg?

BOCCA

Nei. Men eg oppsøkte ikkje dei heller.

LAPAGLIA

Eg stilte meg opp, framfor inngangen,

men dei andre tilsette lest som dei ikkje såg meg. Så vart det til at eg vart liggjande og sova om morgonen. Men jobben min, den kunne eg utføre no som før. I staden drive gatelangs utan å ha noko å ta meg til, berre for å få tida til å gå, men tida går aldri ...

BOCCA

Eg fattar ikkje dette, dagane flyg, timane står stille ...

LAPAGLIA

Også livet har gått i ein viss kave ...

BOCCA

Som om åra skulle hatt ei lunte i enden ...

SPELPLANEN PÅ DET NORSKE

Hovudscenen

Holberg/Skagestad

JEPPE

Musikk av Egil Monn-Iversen, regi: Svein Erik Brodal/Henny Mürer, scenografi: Gunnar Alme, koreografi: Henny Mürer, musikalsk leiing: Egil Monn-Iversen.

Med ROLF JUST NILSEN, KARI RASMUSSEN, MAGNUS TVEIT, SVERRE WILBERG, ØVIND BLUNCK, ROLF SAND, MAGNE LINDHOLM, ANDREAS KOLSTAD, SVEIN TINDBERG, VIDAR WOLD HAAVIK, RUNAR BORGE, SIRI BAKKE, SVENN BERGLUND, JON BERLE, LEIF R. BJØRNESETH, VESLEMØY ELLEFSEN, RANDI ERIKSEN, TORILL ERIKSEN, RUT FASTING, ANNE LISE GJØSTØL, KARI HÆG, BRIT ELISABETH HAAGENSLI, WENCHE LUND, TERJE BJØRKVOLD.

Ernst Bruun-Olsen

POSTMANNEN FRÅ ARLES

Omsett av Knut Ødegård, regi: Pål Skjønberg, scenografi: Arne Walentin.

Med HARALD HEIDE STEEN, ROLF SAND, JACK FJELDSTAD, MAGNUS TVEIT, JORUNN KJELLSBY, ÅSTA VOSS, FRIMANN FALCK CLAUSEN, OLE-JØRGEN NILSEN, ANNE-LISE TANGSTAD, JOHAN KJELSBERG.

Ödön von Horvath

AN DER SCHÖNEN BLAUEN DONAU

Omsett av Knut Ødegård, regi: Barthold Halle, scenografi: Guy Krohg og Sturla Rongstad. Med ANDREAS KOLSTAD, INGRID ØVRE WIIK, TORDIS MAURSTAD, BJØRN FLOBERG, BAB CHRISTENSEN, VIDAR SANDEM, UNN VIBEKE HOL, TORGEIR FONNLID, WILFRED BREISTRAND, VIBEKE FALK, GRETHE RYEN, INGOLF ROGDE, ELSA ISEFIÆR, ÅSTA VOSS, SVEIN TINDBERG, JORUNN KJELLSBY, ULRIKKE GREVE, KARI RASMUSSEN, ROLF SAND, SVERRE WILBERG, WENCHE LUND, RUT FASTING, SIRI BAKKE.

Pål Sundvor:

KURDARSPEL

Regi: Ingebjørg Sem, scenografi: Arne Walentin, musikk: Eyvind Solås, koreografi: Jon Berle.

Med ØVIND BLUNCK, JACK FJELDSTAD, BJØRN JENSEG, JOHAN KJELSBERG, BJØRN SUNDQUIST, ERIK ØKSNES, TOM TELLESEN, SVEIN ERIK BRODAL, BRIT ELISABETH HAAGENSLI, ALF MALLAND, JULIE ØKSNES, SIRI ROM, VIDAR WOLD HAAVIK, KAARE KROPPAN, MAGNUS TVEIT, TROND BRÆNNE, ISELIN ALME, TOVE FRIDLUND, JON BERLE, TERJE BJØRKVOLD, PER JARLE DYRUD, EINAR WØHNI.

SÅ LENGE SKUTA KAN GÅ

Ein kabaret bygd på Evert Taubes viser.

Omsett av Hartvig Kiran, tekstredigering, regi og koreografi: Per Fjeld, musikalsk leiing: Egil Monn-Iversen.

Med BRITT LANGLIE, SØLVI WANG, LASSE KOLSTAD, MAGNE LINDHOLM, ROLF JUST NILSEN, VESLEMØY ELLEFSEN, KARI HÆG, SIGNE LARSSON, SVENN BERGLUND, LEIF R. BJØRNESETH.

Scene 2

Edvard Hoem

TUSEN FJORDAR, TUSEN FJELL

Regi: Svein Erik Brodal, scenografi: Tom Berre. Med VIDAR SANDEM, TORGEIR FONNLID, NILS SLETTA, UNN VIBEKE HOL, EVA SLETTA, WILFRED BREISTRAND, ODD FURØY, BJØRN JENSEG, ULRIKKE GREVE, ØYVIND ØYEN, ELISABETH SAND, SVEIN TINDBERG, ARE STORSTEIN.

MINE VISUR

Norske songar, stev og romansar.

Tekstredigering og regi: Bjørn Jenseg.

Med RANDI ERIKSEN, TORILL ERIKSEN, ANNE LISE GJØSTØL, MAGNE LINDHOLM, KARI RASMUSSEN, ved pianoet: KARI STOKKE.

Stig Dagerman

SKUGGEN AV MART

Omsett av Tormod Skagestad, regi: Jon Heggedal, dekor: Dag Frogner, kostyme: Eldbjørg Aarseth.

Med ASTRID SOMMER, NILS SLETTA, TRINI LUND, MAGNE LINDHOLM.